

# Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 02/2018

Dato: 01.10.2018

Tidspunkt: 20.00

Stad: Foajeen på samfunnshuset

Til stades: Jon Bråtveit, Øyvind Gjuvsland, Aslak Moe, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Kathrine Krøken Lono og Kristine Bøe Berge. Alf Aadnøy frå klokka 20.25

Forfall: Vidar Jørgensen Nærheim og Else Kristin Krogh

Andre til stades:.

## **Sak 09/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

- Innkalling godkjent utan merknadar.
- Sakliste godkjent utan merknadar.

## **Sak 10/18 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte**

- Protokoll godkjent utan merknadar.

## **Sak 11/18 Orientering frå leiar v/Aslak Moe**

- Aslak arbeidar med potensielle sponsorar for idrettslaget.
- Punkt frå styremøte i idrettsrådet:
  - o Prioriteringsliste på spelemiddelprosjekt. Suldal IL har fått med nokre prosjekt som ligg på lista. Ingen ligg i fyrste prioriteringsrunde.
  - o Suldal IL har motteke 103 000,- i statleg stønad for drifta av eit aktivt idrettslag.

## **Sak 12/18 Orientering frå kasserar v/Silje Færøy**

- Gruppeleiarane tek ein runde med medlem som ikkje har betalt medlemskapet for 2017, før ny runde med medlemskontingent for 2018 vert sendt ut.
- Aslak og Øyvind sender lister med nye medlem på ski/fotball frå 1. og 2. klasse til Silje.

## **Sak 13/18 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit**

- Ballbu er ombygd- Utgift på 20.000,- Takk til Geir Bjarte, Odd Åsgeir og Odd Inge for dugnadsarbeidet.
- 6-åringane har starta med fotballtrening. Tom og Jon er trenarar, med fleire hjelparar parat.
- Aldersbestemte lag har vore med på Suldalscup og Suldalsserie.
  - o Omlag 70 spelarar på cup, opp mot 85 har vore innom i Suldalsserien.
  - o Suldalsserien er ferdig, premiar er på plass. Siktar inn på ei samling i gymsalen.
  - o Trenarar er stødige, sjølvgåande, tek ansvar og ordnar opp!
- G9 og J9 har vore på Hjelmeland og spelt Hjelmeland Sparebank Cup. Gode resultat.
- G13 har vore på Etne-cup
- G15 og J16 var på Regy Cup i helga. Kjørde fellesbuss med Suldalsbussen og overnatta på



- skule. Godt sosialt og sportsleg tiltak.
- G13 ligg på 2. plass, G15 på delt 2. plass med ein kamp mindre spelt. J16 på delt 2. plass med moglegheit for delt 1. plass.
  - Ein spelar på kretssamling J13.
  - Svært sjølvgåande og flinke trenarar på kretslaga.
  - Damelaget vinn pulja si og skal spela om krinsmeisterskap. Dessverre har laga trekk seg eit etter eit. Det er berre Suldal og Brodd igjen.... Neste år går ein for 11'er-lag, kanskje i nordfylket.
  - Herrelaget ser ut til å berga plassen. Hatt nokre stygge tap etter sommaren, men også kampar dei vinn og taper knapt.
  - Har eit par klipperundar rundt banen i året, mai og august. Det ser ut til å vera nok.
  - Benjamin Moe Olsen har teke på slådding og brøyting av bane etter Eskil Fisketjøn.
  - Sel lodd for å få inntekter. Alle spelarar i aldersbestemte lag har fått 15 lodd, maks 20 lodd pr familie. Dame- og herrespelarar har fått 17 lodd. Kwart lodd kostar kr 30,-, av dette går kr 16,50 til idrettslaget. Netto fortjeneste blir omlag kr 23.000,-.
    - o Fotballgruppa har ikkje andre inntekter dette året, om ein ser vekk frå kiosksal som ligg under økonomigruppa.
  - Var delaktige i Aktiv i Suldal, både på dagen og i evalueringa. På dagen spelte J16 mot damelaget, damene/jentene hadde fotballaktivteter, og leiaren i fotballgruppa måtte spela boblefotballfinale. Statkraft, som ein av sponsorane til Suldal IL, stilte med premiar.
  - Under arrangement og treningar i Prestavikjo er det vatn tilgjengeleg i motsett ende av Statkraft sitt lagerbygg.
  - Petra Odvody tek bilder av laga med tanke på profilering ovanfor sponsorar.

#### **Sak 14/18      Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim**

- Fellestreningar i august frå 1. klasse. Har kjøpt inn nokre kombisko, slik at terskelen skal vere lågare for dei yngste å bli med og få låna utstyr.
- Har hatt medlem på ulike rulleskirenn frå 2.klasse og oppover;
  - o Blinken
  - o Rulleskicup i Ryfylke
  - o KM rulleski i Sirdal
  - o Sonesamling i Ryfylke (treningssamlingar). Suldal IL arrangerte tur til Hovden som kombinert klubbturn. Var rundt 50 stk totalt frå Suldal IL. Vellukka tur for skimiljøet og for å engasjere føresette.
- Dei yngste startar trening etter haustferien.
- Kjøpt inn nytt tidtakarutstyr.
- Planlegg dugnad i ljosløypa/stadion for rydding og klargjering for sesong.
- Står att ei sløyfa i enden og ei rekkje på yttersida av stadion med ljos i ljosløypa. Startar opp dette arbeidet no i oktober. Arbeidar og med å få på plass midlar for å få ferdigstillt heile løypa.
- Snøproduksjonsanlegget vert arbeida med i samband med finansiering. Manglar endå ein del midlar for å få godkjent prosjektet. Skigruppa arbeidar vidare med denne saka.

#### **Sak 15/18      Orientering frå økonomigruppa v/Else Kristin Krogh**

- Melder om at gruppa ligg greitt an i samband med budsjett.



**Sak 16/18 Orientering frå trimgruppa v/Alf Aadnøy**

- 1.oktober var deadline for å få namnet sitt i bøkene på postane. Gruppa har no startar arbeidet med å byte ut bøker kor det er naudsynt.

**Sak 17/18 Klubbhus Prestavikjo**

- Fotballgruppa har spelt attende saka om klubbhus til hovudstyret. Viktig at initiativet og eigarskapet også ligg i hovudstyret, då dette vil verta eit hus for heile idrettslaget, ikkje berre fotballgruppa. Fotballgruppa har likevel lagt ned ein del arbeid i det dei tenkjer er sentrale moment ei prosjektgruppe kan arbeida ut ifrå. Styret tek arbeidet vidare med å få tak i prosjektleiar/gruppe. Aslak har hovudansvaret for dette.
- Styremøtet av 01.10.18 vedtok følgjande mandat til prosjektgruppa:

*«Ei prosjektgruppe blir sett ned av hovudstyret i Suldal IL for å arbeide vidare med planane om klubbhus i tilknytning til fotballbanen i Prestavikjo. Prosjektgruppa er samansett av (namn...) og vert leia av (namn). Mandatet til prosjektgruppa er å:*

*\* Utreie moglege plasseringar av eit eventuelt klubbhus (sjølvstendig bygg eller mogleg tilknytning til eksisterande bygg)*

*\* Utreie innhald/fasilitetar i bygg*

*\* Ta omsyn til vidare utvikling av området*

*\* Utarbeide finansieringsplan både for ei eventuell investering og vidare drift av klubbhuset*

*Prosjektgruppa rapporterer status og framdrift til hovudstyret i Suldal IL. Det er hovudstyret/årsmøte som skal ta ei endeleg avgjersle om igangsetjing av eit eventuelt klubbhus.»*

**Sak 18/18 Ymse**

- Ingvill har teke trenar 1 og 2. Søkjer om refusjon/dekking av utgifter av det siste kurset, trenar 2. Ho deltek med sin kompetanse i Suldal IL og er viljug til å halde fram med dette. Styret i Suldal IL har etter søknad gått inn for å dekkja kursavgifta.
- Suldal IL ynskjer å arrangera bytedag også i 2018. Økonomigruppa får ansvar for dagen, som tek kontakt med undergruppene om dei treng ekstra hender.
- Suldal IL har fått tilbod om å leiga kjellarlokale i Suldal Samfunnshus med ein årleg leigesum på kr 5000,-. Undergruppene og økonomigruppa lufter interessa for leige av kjellarlokale i Suldal Samfunnshus før ein eventuelt inngår fast avtale om leige.
- Det er blitt gjort hærverk i Suldalshallen i sommarmånadane. Ein veit ikkje noko om kven som har gjort det, men oppmodar alle trenarar og vaksne til å følgje med.

Suldalsosen, 01.10.18

Kristine Bøe Berge, skrivar